




Forsiden: "I en sofa på arkivet" i april 2012 der temaet var biografier Hans Olav Lahtum og Espen Søybe i samtale med Arnhild Skre. Foto: Runhild Seim.



Den eldste bevarte kyrkjeboka i Noreg er med på den nasjonale lista Noregs dokumentarv og er frå Andebu prestegjeld i Vestfold. Den startar i 1623. Original i Statsarkivet i Kongsberg. Foto: Statsarkivet i Kongsberg. Presentert i Arkivmagasinet 2/12.

# Riksarkivarens forord


2012 var året då den første stortingsmeldinga om arkiv blei lagd fram. Kulturminister Hadia Tajik presenterte meldinga på eit arrangement i Riksarkivet 9. november, same dag som ho blei godkjend i statsråd.

Meldinga (Meld. St. 7 (2012–2013)) har den korte tittelen ”Arkiv”. Ho gir eit samla oversyn over arkivfunksjonane i samfunnet og arkivområdet i Noreg, og på dette grunnlaget blir det presentert ein arkivpolitikk og ein statleg strategi for å gjennomføre denne politikken. Det overordna målet for arkivpolitikken er å oppfylle formålet i arkivlova innanfor både offentleg og privat sektor. Dette skal medverke til ein samla samfunnsdokumentasjon, der arkiva frå statleg, kommunal og privat sektor viser samfunnet frå ulike vinklar og ståstader og utfyller kvarandre som kjelder til eit heilskapleg bilete. Riksarkivaren har fått i oppdrag å utforme og sette i verk den statlege strategien i nært samarbeid med andre relevante aktørar både i offentleg og privat sektor.

Allereie i slutten av november gjekk Riksarkivaren ut med ein førebels invitasjon til eit breitt nasjonalt samarbeid om oppfølging av arkivmeldinga. Og internt i Arkivverket blir det lagt til grunn at den heilskapelege strategien som meldinga annonserer, vil bli ein sentral del av etatens strategiarbeid i åra framover.

KS1-utgreiinga om Arkivverkets utbyggingsbehov blei fullført i august 2011, og regjeringa fatta kort tid etter vedtak om eit felles arkivdepot på Tynset, samlokalisert med Norsk helsearkiv. Etter dette har det vore ei viktig oppgåve for etaten å starte planlegginga av verksemda på Tynset. Mest konkret har planarbeidet vore knytt til det nye arkivbygget. Her har Arkivverket samarbeidd nært med Statsbygg og levert dei spesifikasjonane som har vore nødvendige for prosjekteringa.

I tillegg har interimorganisasjonen for Norsk helsearkiv arbeidd målretta og systematisk med kartlegging av arkiv i sjukehusa, undersøking av forskarbehov knytte til pasientjournalar og planlegging av ulike typar it-løysingar. Det har også vore gjennomført pilotar for å teste ut planlagde løysingar for tilrettelegging av arkivmateriale frå sjukehusa. Når det gjeld fellesdepotet for Arkivverket, har vi i 2012 lagt grunnlaget for eit planarbeid som for alvor skal settast i gang i 2013 – mellom anna ei utgreiing av kva slags materiale som skal plasserast på



Tynset, og kva slags tenester vi skal ta sikte på å tilby. Ei eiga styringsgruppe skal ivareta planlegging av sameinte funksjonar for Norsk helsearkiv og fellesdepotet. I løpet av 2012 er det blitt klart at nybygget tidlegast kan stå ferdig i 2016 og mest sannsynleg i 2017. Dette har gjort det nødvendig å justere planarbeidet noe.

Oppfølgingsarbeidet etter terroraksjonen 22. juli 2011 har skapt dokumentasjon som har sett sitt preg på Arkivverkets verksemd i 2012. Etter fleire rundar i domstolane blei det vedtatt at det skulle gjerast videoopptak frå rettssaka mot Breivik, og at dette skulle avleverast til Riksarkivet kort tid etter rettssaka. Riksarkivaren har gitt tilsegn om at materialet skal bli tilgjengeleg i løpet av eit år, innanfor dei rammene som følgjer av regelverket og domstolens vedtak. Da 22. julikommisjonen la fram sin rapport i august, blei heile arkivet overført til Riksarkivet. Dette førte til mange krav om innsyn. Fleire klagesaker gjekk til Kulturdepartementet, og det blei stor merksemd om desse sakene i media. Etter vedtak i Kulturdepartementet og i Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité har Riksarkivaren hatt ansvaret for ein omfattande gjennomgang av til dels høgt graderte dokument for å legge til rette ein offentlig versjon for publisering på Internett.

I samband med dokumentarfilmen "Til ungdommen" vart elevar ved vidaregåande skular over heile landet inviterte til å skrive brev til framtida der dei delte tankane sine rundt 22. juli, Noreg i dag og i framtida. Brevne er lagde i ein tidskapsel, eit kunstverk laga av Magne Furuholmen i samarbeid med skuleelevar frå heile landet. 14. desember forsegla han tidskapselen i ein lukningsseremoni i Riksarkivbygningen.



Utsnitt av kunstverket, ord hamra inn av skuleelevar frå heile landet.  
Foto: Riksarkivet.



Frå forsegling av kunstverket "Tidskapselen til ungdommen" den 14. desember. Den vert opna igjen i 2031.  
Foto: Riksarkivet.

Å gjere Arkivverket synleg i det offentlege rommet har vore ei høgt prioritert oppgåve i 2012. Det same gjeld digitale tenester på nettet. Formålet er å gjere Arkivverkets tenester betre kjende og lettare tilgjengelege for folk flest. Eit nytt tiltak er ei nettbasert svarteneste hos alle institusjonane i Arkivverket. Elles har det framleis vore høg bruksfrekvens på etatens nettstad for kjeldepublisering – Digitalarkivet. Talet på besøk var 70 000 unike brukarar i månaden i 2012, (40 000 i 2011).

I 2012 har Arkivverket gjennomført arkivstudiar for produsenten Monster Productions for tv-serien ”Hvem tror du at du er?”, som blir send i januar/februar 2013. Dette er gjort vederlagsfritt med sikte på profilering av etatens tenester. Vi har grunn til å vente at besøks-tala for 2013 på våre nettstader vil gå ein god del opp som følgje av tv-serien denne gangen også. Mediemerksomda om Arkivverket og våre tenester har auka vesentleg dei siste åra. I 2012 var eit av høgdepunkta at A-magasinet (Aftenposten) hadde ein 13 siders presentasjon av Riksarkivet i oktober. Arkivverket har dessutan fått 23 dokument/arkiv med på Unescos liste over Noregs dokumentarv.

Ei anna prioritert oppgåve har vore oppfølging av Riksrevisjonens rapport (Dokument 3:13 (2009–2010)) for å betre arkivsituasjonen i kommunar og fylkeskommunar. Tilsynet med kommunal sektor har blitt styrka og systematisert. Dessutan har det vore gjennomført eit omfattande prosjekt for å utarbeide nye kassasjonsreglar for kommunar og fylkeskommunar. Det nye regelverket har vore på høyring med frist 31.12.2012 og vil bli sett i verk i 2013. Det har vore stor aktivitet på ei rad område knytte til mottak, bevaring, tilgjengeleggjering og formidling av arkiv, både på papir og i digital form. På arkivportalen.no kan ein no finne katalogopplysningar om rundt 74 % av den totale arkivmengda i Arkivverket, og ein kan bestille arkivsaker til lesesalen i Riksarkivet og fleire av statsarkiva. Det er ein stadig stor auke i talet på arkivstykke som blir brukt på lesesalane (i 2012 nærare 50 000), og det kjem framleis kvart år over 35 000 skriftlege førespurnader til Arkivverket om opplysningar og dokumentasjon frå arkiva. Ein stor del av desse gjeld velferd og rettsleg dokumentasjon. Meir om dei ulike aktivitetar og resultat nedanfor.

Ivar Fønnes

# Arkivverket

Arkivverket skal sjå til at arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi, eller som tek vare på administrative, rettslege eller velferdsmessige dokumentasjonsbehov, vert bevart og gjort tilgjengelege for bruk. Vi skal bidra til å skape forståing og kunnskap om den samfunnsmessige verdien av arkiva.

Arkivverket omfattar Riksarkivet, åtte statsarkiv, Samisk arkiv og Norsk helsearkiv.

Dei viktigaste oppgåvene til Arkivverket er

- å ta vare på arkivsaker frå statlege verksemder
- å gjere materialet tilgjengeleg for bruk
- å føre tilsyn med arkivarbeidet i staten, fylkeskommunane og kommunane
- å ta del i arbeidet med bevaring av privatarkiv

Våre institusjonar er både forvaltningsorgan og vitskapeleg baserte kulturverninstitusjonar.

Riksarkivet har ansvaret for arkiva etter sentraladministrasjonen og andre landsomfattande statlege institusjonar, mens statsarkiva har ansvaret for arkiva etter lokale og regionale statlege institusjonar. Det er statsarkiv i Oslo, Hamar, Kongsberg, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø. Samisk arkiv har spesielt ansvar for samiske privatarkiv, og depotansvar for det historiske arkivet til Kautokeino kommune. Samisk arkiv ligg i Kautokeino. Norsk helsearkiv skal ta vare på eldre, bevaringsverdige pasientarkiv frå helseføretaka, og forvalte desse for bruk til forskning og andre dokumentasjonsføremål. Interimsorganisasjonen for Norsk helsearkiv er samlokalisert med Riksarkivet.

Både Riksarkivet og statsarkiva har teke vare på mange private arkiv – etter bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar. Kommunar og fylkeskommunar tek vare på arkiva sine sjølve.

Arkivverkets arbeid er forankra i lov av 4.12.1992 nr. 126 om arkiv. Lova med forskrifter trådte i kraft i 1999.

# Hovudmål 1

Syfte for at arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi eller som tek vare på administrative, rettslege eller velferdsmessige dokumentasjonsbehov, vert tekne vare på og gjort tilgjengelege.

## Magasin

Arkiv som skal takast vare på for all framtid må plasserast i spesialtilpassa, sikra arkivmagasin spesielt lagt til rette for ulike medium og format, enten dei er på papir, foto, lyd, film eller data. Ei viktig oppgåve for etaten er å ha nok magasinkapasitet til å ta imot arkivmateriale når det har gått ut av administrativ bruk.

Forvaltninga og private arkivskaparar går i stadig større grad over til elektronisk arkivering. Men det er lenge til digitalt skapte arkiv vert dominerande i magasinane våre. Papirarkiv dominerer framleis avleveringane og vil gjere det i mange år framover. Vi har tidlegare rekna med at statsforvaltninga har nærare 60 000 hyllemeter papirarkiv klare for avlevering, og vi må ta vare på verdifulle privatarkiv på papir. Parallelt med at vi rustar opp kapasiteten til å ta imot og bevare elektroniske arkiv, må vi difor ha kapasitet til å ta imot dei store mengdene papirarkiv.

Arkivverket sine magasin har no ein samla kapasitet på omtrent 318 000 hyllemeter for oppbevaring og sikring av papirarkiv. Kapasiteten auka med 23 000 hyllemeter frå 2010 til 2011, etter utbygging av magasinane ved Statsarkivet i Bergen.

Ved utgangen av 2012 stod 17,2 prosent av den samla magasinkapasiteten vår ledig (2011: 20,6 prosent), og 5 prosent var leigd ut. Bestanden var på nærare 264 000 hyllemeter, ein auke på om lag 41 000 hyllemeter sidan 2010.

Tabellen viser total magasinkapasitet og kor mykje som sto ledig ved utgangen av 2012.

Institusjon	Magasinkapasitet totalt (hyllemeter)	Magasinkapasitet, ledig (hyllemeter)	Prosent ledig
Riksarkivet og SA Oslo	154 600	10 874	7,0 %
SA Hamar	13 786	3 487	25,3 %
SA Kongsberg	18 000	3 814	21,2 %
SA Kr.sand	12 730	1 320	10,4 %
SA Stavanger	20 925	4 776	22,8 %
SA Bergen	34 400	15 000	43,6 %
SA Trondheim	42 192	9 600	22,8 %
SA Tromsø	20 000	8 360	41,8 %
Samisk arkiv	2 075	1 046	50,4 %
Sum SA, samisk	164 108	43 916	26,8 %
Sum Arkivverket	318 708	54 790	17,2 %

Hausten 2011 vedtok regjeringa å opprette eit sentraldepot for Arkivverket på Tynset, lokalisert saman med Norsk helsearkiv. Arbeidet med planlegging og utforming starta opp med ein gong, og har vore i gang sidan. Kapasiteten vert på 80 000 hyllemeter, av dette er 30 000 hyllemeter sett av til Norsk helsearkiv. Vi tek sikte på at bygget er ferdig og verksemda starta opp på Tynset i 2016 eller 2017.

Vi må ha ledig kapasitet til å ta imot nye avleveringar. Omtrent 83 % av plassen er disponert, og kor mykje dei enkelte institusjonane kan ta imot varierer. Fleire får fulle magasin før bygget på Tynset er klart til å ta imot arkiv. Lokale tilleggsmagasin eller overføring til institusjonar med ledig kapasitet kan løyse dette problemet.

## Bevare eller kassere

Arkivlova § 9 slår fast at offentleg arkivmateriale ikkje kan kasserast utan at det skjer i samsvar med reglar i føreskrift eller etter særskilt samtykke frå Riksarkivaren. Difor er det ei sentral oppgåve for Riksarkivaren å fatte bevarings- og kassasjonsvedtak for arkivmateriale i stat, fylkeskommunar og kommunar.

I 2012 fatta Riksarkivaren 23 bevarings- og kassasjonsvedtak for papirbasert og elektronisk skapt arkivmateriale mot 20 i 2011. Vedtaka varierer i omfang. Av arkivmateriale som Riksarkivaren fatta bevaringsvedtak for var mellom anna Mattilsynet, Kriminalomsorgen, Politietaten, Arbeids- og velferdsetaten, universitets- og høgskolesektoren, Norsk pasientskadeerstatning og Noregs statskalender.

Den 12. desember kunne Statsarkivet i Bergen offisielt overtakast med nytt bygg og den gamle, staslege statsarkivbygningen renovert og modernisert.



Dokument  
nr.  
6167  
Bom 8/1

Riksarkivaren fatta også ei rad bevaringsvedtak som er knytt til terrorangrepet 22. juli, som filmopptaket frå rettssaka mot Anders Behring Breivik, kondolanseprotokollar og informasjon til befolkninga lagt ut på nettsidene til offentlege organ og for arkivet etter 22.juli-kommisjonen.

Arbeidet med ein revisjon av kap. III, IV og V i føreskrift om utfyllande tekniske og arkivfaglige avgjersler om behandling av offentlege arkiv har halde fram i 2012. Eit høyringsutkast vart utarbeidd og sendt ut i juni 2012. Høyringsfristen var 31.12.2012.

Hovudutfordringa i arbeidet med bevaring og kassasjon er å få forvaltninga til å sette av tilstrekkelege ressursar til å utarbeide framlegg til kassasjonsreglar for sine fagsaker.

## Avlevering og deponering av papirarkiv

Arkivverket har som mål å bevare avlevert materiale. Bestanden av papirarkiv var på 245 175 hyllemeter ved utgangen av 2012, ein auke frå året før på 8 859 hyllemeter statlege og 1 317 hyllemeter private arkiv. Av den totale bestanden har 214 849 hyllemeter statleg proveniens, medan 30 326 hyllemeter er privatarkiv. Dette inneber at privatarkiva utgjer 12,4 % av arkivmengda.

	Tilvekst 2012 (hyllemeter)	Totalt (hyllemeter)	Prosent av totalen
Statlege arkiv	8 859	214 849	87,6 %
Privatarkiv	1 317	30 326	12,4 %
Total bestand	10 040	245 175	100,0 %

Tabellen nedanfor viser kor mykje arkivmateriale som er avlevert eller deponert i 2012, status for arkivmateriale som er vanskeleg tilgjengelig og avleveringsetterslep.

Institusjon	Avleverte statlege arkiv (hyllemeter)	Avleverte og deponerte privatarkiv (hyllemeter)	Sum avleverte arkiv (hyllemeter)	Ordningsetter-slep (vanskeleg tilgjengelig) (hyllemeter)	Avleveringsetter-slep papirarkiv i statsforvaltninga (hyllemeter)
Riksarkivet	2 309	730	3 039	7 600	26 600
SA Oslo	1 927	10	1 937	4 000	4 000
SA Hamar	73	64	137	85	2 000
SA Kongsberg	408	51	459	296	4 000
SA Kristiansand	98	93	191	75	1 400
SA Stavanger	42	138	180	150	10 000
SA Bergen	2 695	2	2 697	1 400	2 000
SA Trondheim	938	6	944	300	9 500
SA Tromsø	240	107	211	150	850
Samisk arkiv	129	116	245	327	0
Sum SA, samisk	6 550	587	7 001	6 783	33 750
Sum Arkivverket	8 859	1 317	10 040	14 383	60 350

Et samisk, ei/ta - 1270  
Løst arkiv n. 1270 og arkiv halvt, a f. 1270 ja 1270 arkiv a 1270 1270 1270 1270

Statsforvaltninga avleverte 8 859 hyllemeter papirarkiv i 2012, ein nedgang sammenlikna med 2011. Det skuldast eit ekstraordinært mottak av 5 700 hyllemeter frå regjeringskvartalet i 2011, etter 22. juli. Avleveringsvolumet er likevel høgt, og ligg 2 000 hyllemeter høgare enn i 2010. Ein stor del av forklaringa er at Statsarkivet i Bergen har teke i bruk sine nye magasin, noko som har gjort nye avleveringar mogleg. Avleverte og deponerte privatarkiv utgjorde 1 317 hyllemeter i 2012. Det representerer ein nedgang på 24 % (433 hyllemeter) frå året før.

Opp gjennom åra har Arkivverket teke imot ein del arkivmateriale som ikkje er ordna og katalogisert, og som difor er utilgjengeleg for bruk. Samtidig bruker vi kvart år ressursar på å ordne og katalogisere arkivmateriale. I 2012 ordna vi 2 409 hyllemeter. Ved årsskiftet var 14 383 hyllemeter uordna.

I samband med mottaket av departementsarkiva etter 22. juli fekk Riksarkivet budsjettmidlar til ordning og betening av dette materialet. Frå april 2012 har ei eiga eining med fire ordningsarbeidarar og ein prosjektleiar starta ordningsarbeidet. I 2012 vart 650 hyllemeter ordna. Ved full bemanning skal dei gjere klart 750 hyllemeter årleg.

## Avlevering og deponering av elektroniske arkiv

Arkivverket har som mål å bevare elektroniske arkiv i lang tid. Vi tok imot totalt 922 uttrekk frå elektroniske Noark- og fagsystem frå offentlege arkivskaparar. Av desse er 590 uttrekk godkjende og registrerte i katalogsystem. 160 uttrekk er under testing, mens 172 ikkje er behandla. Vi har inngått 340 avtalar om deponering eller avlevering med arkivskaparar.

Her følgjer ei oversikt over status for mottekne arkivuttrekk.

Mottekne uttrekk	2012	Totalt
Talet på uttrekk frå elektroniske journalar og fagsystem	110	922
Talet på uttrekk som er godkjende og registrerte i katalogsystem	9	590
Talet på avleverte elektroniske statlege arkiv	0	180
Talet på bevarte elektroniske private arkiv	2	20
Talet på registrerte elektroniske arkiv som er klare for avlevering	3	113

Filmopptaka frå heile rettssaka mot Anders Behring Breivik vart avlevert til Riksarkivet i 2012. Materialet er testa av NRK, som stod for produksjonen. Det står igjen eit stort arbeid med å legge til metadata som skal gjere det mogleg å søke og navigere i filmen, og å merke sekvensar som ikkje skal vere tilgjengelege for alle.

Vi har motteke det elektroniske arkivmaterialet frå 22. juli-kommisjonen. Det inneheld ulike informasjonstypar i katalogstruktur og e-postsystem i mange ulike filformat som lydloggar, videoklipp m.m. Her og står igjen eit stort arbeid med å strukturere materialet for langtidsbevaring, m.a. konvertering av dei mange filformata som er ueigna for langtidsbevaring til arkivformat.

## Kommunikasjon og formidling

Vi ønsker at publikum skal ha kjennskap til oss og materialet vi oppbevarer, og vi ønsker å nå nye og andre målgrupper enn dei som tradisjonelt oppsøker arkiva. Difor har vi auka innsatsen på nettbasert formidling. Vi er på Facebook og Twitter, vi publiserer på Flickr, Tumblr, Instagram, Pinterest, Digitalt fortalt og YouTube. Ein app for smarttelefonar og nettbrett gjer søk i nokre av kjeldene i Digitalarkivet. Fleire kjelder vil verte tilgjengelege for desse når nye kjelder vert lagt ut i den nye programvara for Digitalarkivet.

Vi får større merksemd i media enn tidlegare. Arkivmateriale knytta til 22. juli har gjort at media har fått større interesse for oss, og vi har vorte flinkare til å finne fram saker media er interessert i.

I overkant av 20 utstillingar er opna i lokala våre i løpet av 2012. Vi har laga ca. 75 utstillingar og tematiske presentasjonar på Arkivverket sine nettstader.

Eksempel på utstillingar i 2012, både fysiske og på nett, er:

- Skattar frå arkivet IV, Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo
- ”Norges dokumentarv”. Arkivverket er representert med 23 dokumenter/arkiv til den første UNESCO-lista.
- Fotoutstilling ”Thomas Neumann – amatør fotograf i farger”
- Skottetoget 1612
- Hekseprosess 1667
- Knut Hamsun og Tromsø

Vi arbeider fortløpande med kjeldepresentasjonar og nettutstillingar til etaten sitt prosjekt ”Stemmerettsjubileet 2013” og ”Grunnlovsjubileet 2014”. I 2012 har vi skrive biografiar om dei første 100 kvinnelege kommunestyrerepresentantane til lokalhistoriewiki.no. Riksarkivet sitt vårslepp 8. mai 2012 handla om kjelder frå det norske samfunn i Sverige under andre verdskrig og eit nyinnkjøpt fotoalbum frå Terboven si reise i Nord-Noreg sommaren 1942.

Vi har gjennomført 46 arrangement, 132 omvisningar og 39 undervisningsopplegg i 2012. Dei største arrangementa i etaten sine institusjonar har vore *Slektsforskerdagen* i oktober og *Arkivdagen* i november.

Riksarkivet er etablert som ein møteplass for historieinteresserte, først og fremst gjennom arrangementsrekka *I en sofa på arkivet*. Hensikta har vore å gje eit tilbud til alle som er interesserte i historie og arkiv, også etter at lesesalen er stengd. Fem arrangement med samtaler mellom forfattarar og andre kulturpersonar som har jobba med historisk kjelde-materiale vart gjennomførte i 2012. Alle arrangementa har vore godt besøkte av publikum.

I samband med dokumentarfilmen ”Til ungdommen” vart elevar ved vidaregående skular over heile landet inviterte til å skrive brev til framtida der dei delte tankane sine rundt 22. juli, Noreg i dag og i framtida. Brevane er lagde i ein tidskapsel, eit kunstverk laga av Magne Furuholmen i samarbeid med skuleelevar frå heile landet. 14. desember forseglar han tidskapselen i ein lukkingsseremoni i Riksarkivbygningen.



Engasjerte ungdommar frå Hitra vidaregåande skule viser sine tablå som del av prosjektet Vendepunkt i 2011. Prosjektet, der Statsarkivet i Trondheim deltek, gjennomførte mange forberedande aktivitetar for å vidareføre prosjektet og gjennomføre ny turne i 2013. Foto, Pål K Langøien, IKA-Trøndelag.

Alle institusjonane gjennomfører omvisingar for elevar, studentar og andre interesserte grupper. I Trondheim har dei hatt eit samarbeid med Den kulturelle skulesekken og har teke imot og vist om 28 niandeklassar (ca. 850 elevar) som har brukt ei kjeldesamling frå andre verdskrig. Eit tilsvarande opplegg i Kongsberg har nådd ca. 300 skuleelevar. Statsarkivet i Trondheim har og starta opp prosjektet "Slipp eldrebølgen inn!".

Våre arrangement og omvisingar har trekt drygt 4 000 deltakarar. Omtrent 2 500 skuleelevar og studentar har vore med på undervisningsopplegg.

Riksarkivet har gjeve ut tre bøker i 2012 (mot fem i 2011):

*Geistlige segl frå Nidaros bispedømme*. Riksarkivet.

Jørgen H. Marthinsen: *Arkivteori – en innføring*. Riksarkivarens skriftserie 36.

Ole Kolsrud: *Moderniseringsstaten. 1800-tallets direktorater*. Riksarkivarens skriftserie 37.

Ei gruppe rundt Statsarkivet i Bergen gav i 2012 ut boka *Bombemål S/N 102 Bergen*.

*Bergensposten* kom med tre utgåver.

*Arkivmagasinet* kom med tre utgåver.

## Individuell brukarkontakt

Publikum kan tinge arkivmateriale frå Riksarkivet, Statsarkivet i Oslo og Statsarkivet i Kongsberg gjennom Arkivportalen. Resten av statsarkiva og Samisk arkiv skal etter planen ta løysinga i bruk neste år.

1833-  
Ms. T. 11.1

Vi har registrert 15 105 besøk på Arkivverket sine lesesalar, ein nedgang på 3 000 frå 2011. Sjølv om talet på besøkande går ned, krev beteninga av dei meir no enn tidlegare. Vi henta fram 49 363 arkivstykke til lesesalsgjestene våre, ein oppgang med 5 000 frå 2011 og 15 000 frå 2010.

Riksarkivet og statsarkiva tok imot til saman 35 378 skriftlege spørsmål frå brukarane, mot 37 000 i 2011. Den svake nedgangen heng først og fremst saman med redusert pågang etter tinglyste dokument; dei profesjonelle brukarane finn i stor grad sjølv fram i dei skanna dokumenta på Digitalarkivet.

Vi har innført svartenester på Arkivverket sine heimesider for alle einingane i etaten. Både spørsmål og svar ligg opne, og publikum kan sjølv komme med svar og kommentarar til kvarandre sine spørsmål. I 2012 fekk om lag 850 spørsmål svar på nett.

## Tilsyn og rettleiing

Etaten skal føre tilsyn med og rettleie arkivskaparar. Riksarkivet rettleia og svarte på spørsmål om deponering og langtidsbevaring, uttreksproduksjon, filformat og anna frå 215 offentlege arkivskaparar i 2012.

Arkivverket har hatt 35 varsla og dokumentbaserte tilsyn med offentlege arkivskaparar i 2012 (mot 118 tilsyn i 2011). Av desse var 3 tilsyn retta mot statleg sektor (mot 45 tilsyn i 2011) og 32 tilsyn mot kommunal sektor (mot 73 tilsyn i 2011). Tilsyna overfor statleg sektor var retta mot elektronisk arkivdanning.

Oversikt over Arkivverket sine gjennomførte tilsyn i 2012 framgår av tabellen nedanfor. Tala for 2011 står i parentes. Tala som står i tabellen dekkjer både tilsyn på staden og dokumentbaserte tilsyn.

Institusjon	Tilsyn med statlege arkivskaparar 2012 (2011)	Tilsyn med kommunale arkivskaparar 2012 (2011)
Riksarkivet	2 (23) <sup>1</sup>	0 (0)
SA Oslo	0 (0)	6 (5)
SA Hamar	0 (0)	4 (2)
SA Kongsberg	0 (0)	0 (57)
SA Kristiansand	0 (0)	4 (0)
SA Stavanger	0 (0)	0 (0)
SA Bergen	0 (0)	7 (0)
SA Trondheim	1 (22)	7 (8)
SA Tromsø	0 (0)	4 (1)
Samisk arkiv	0 (0)	0 (0)
Totalt 2012	3 (45) <sup>2</sup>	<b>32 (73)<sup>3</sup></b>

1 For 2011 var 5 tilsyn på staden og 18 dokumentbaserte tilsyn. I 2012 var det 2 tilsyn på staden.

2 Talet frå Trondheim gjeld begge typar tilsyn.

3 Tala viser også ein nedgang i talet på kommunale tilsyn frå 2011 til 2012, noko som utelukkande bygger på feilinformasjon i årsrapporten frå Arkivverket for 2011. Dei 57 innrapporterte tilsyna frå Statsarkivet i Kongsberg gjeld oppfølging av bygningsfaglig rapport som er ein del av Arkivverket sitt tilsyn med kommunal sektor.

Coigny iika ... Freund, Danjen Procurator

Vi gjennomførte kun tre tilsyn ved statlege organ i 2012. Dette har å gjere med kapasitet, men og med oppfølginga av ei rad dokumentbaserte tilsyn frå 2010 og 2011.

Det reelle talet på gjennomførte tilsyn i 2011 var 16, som er ei lita auke samanlikna med 2010 (14 tilsyn). Dette betyr igjen at det har vore ein stor auke i talet på tilsyn frå 2011 til 2012 (frå 16 til 32). Tilsyna som statsarkiva har gjennomført avdekkar til dels store manglar ved lokale, ordningsgrad og publikum sin tilgang til arkiva.

Arkivverket har bede kommunane levere bygningsfaglege rapportar over arkivlokale som inneheld eldre og avslutta arkiv. Dette arbeidet inngår som ein del av tilsynsverksemda i Arkivverket og har kravd stor innsats frå statsarkiva. Enkelte statsarkiv har fått inn rapportar frå samtlege kommunar i sitt distrikt, og vil følge opp rapportar og tiltak framover.

Rettleiing av arkivskaparar skjer både ved besøk og ved å svare på skriftlege og munnlege spørsmål. Arkivverket har i 2012 handsama til saman 3 769 spørsmål frå offentleg sektor (mot 2 367 i 2011), fordelt med 2768 frå statleg sektor (mot 1 640 i 2011) og 1 001 frå kommunal sektor (mot 727 i 2011).

Offentlege arkivskaparar nyttar framleis Arkivverket som rådgjevar i arkivfaglege spørsmål. Korleis aktivitetane er fordelte mellom dei ulike einingane i Arkivverket i 2012 går fram av tabellen nedanfor.

Institusjon	Rettleiing av statlege arkivskaparar 2012	Svar på spørsmål frå statlege arkivskaparar 2012	Rettleiing av kommunale arkivskaparar 2012	Svar på spørsmål frå kommunale arkivskaparar 2012
RA	237	1018	101	169
SAO	50	120	35	80
SAH	50	40	120	90
SAKO	21	22	4	0
SAKR	1	11	0	2
SAS	17	38	28	5
SAB	0	24	55	35
SAT	11	900	6	200
SATO		205		19
Samisk	1	2	1	4
Totalt 2012	388	2380	350	651

## Arkivsentra og interkommunale arkivordninger

Statsarkivet i Hamar har i lang tid arbeidd for å etablere eit IKA i Hedmark – IKA ØST. Det har vore halde 4-5 styremøte i IKA-ØST i 2012. Dagleg leiar vart tilsett våren 2012. I første omgang skal dette IKA-et konsentrere seg om elektronisk skapt arkivmateriale. Dagleg leiar skal ha kontorplass ved Statsarkivet i Hamar. Medlemskommunane er positive til å sjå på om drifta kan utvidast til også å omfatte depot for eldre og avslutta arkiv.

Kommunane i Akershus har ikkje ønskt å etablere ei kommunal arkivordning. Statsarkivet i Oslo har i staden oppretta ei deponeringsordning for eldre arkivmateriale på oppdragsbasis. Den gjeld frå 2009. I løpet av 2012 har Statsarkivet i Oslo inngått formell avtale med Fet kommune om deponering av kommunale arkiv i Statsarkivet. Følgjande kommunar nyttar seg no av tilbodet: Akershus fylkeskommune, Asker kommune, Aurskog-Høland kommune, Bærum kommune, Eidsvoll kommune og Fet kommune. Totalt vart det deponert 180 hyllemeter arkivmateriale i 2012. I alt er 1 225 hyllemeter med kommunale arkiv no deponert. I tillegg har Asker kommune deponert ca. 300 hyllemeter arkivmateriale inntil vidare.

## Bevaring av privatarkiv

Vi har gjennomført mange aktivitetar for å få teke vare på privatarkiv, basert på frivillig samarbeid. Besøk hos og rettleiing av private arkivskaparar er ein viktig del av arbeidet med å stimulere til at privatarkiv vert tekne vare på. Rettleiing skjer dels ved telefonkontakt, dels som besøk hos arkivskapar, og dels i form av møter med arkivskaparar. I 2012 har vi til sammen gitt rettleiing i 216 tilfeller (mot 351 i 2011).



Besøk har som oftast føremål knytta til avlevering av arkivmaterialet, men også i desse tilfella vil det så godt som alltid vere eit sterkt element av rettleiing. Talet på besøk hos arkivskaparar i 2012 var 83 (mot 71 i 2011). I løpet av året vart det gjeve svar på 543 spørsmål frå private arkivskaparar (mot 488 i 2011).

Fordelinga er vist i tabellen. Tala for 2011 står i parentes.

Institusjon	Besøk hos private arkivskaparar i 2012 (2011)	Rettleiing av private arkivskaparar i 2012 (2011)	Svar på spørsmål frå private arkivskaparar i 2012 (2011)
Riksarkivet	35 (31)	74 (70)	235 (200)
SA Oslo	8 (8)	10 (10)	40 (40)
SA Hamar	7 (7)	95 (160)	35 (50)
SA Kongsberg	0 (0)	0 (0)	11 (2)
SA Kr.sand	0 (1)	0 (1)	2 (20)
SA Stavanger	19 (8)	20 (0)	69 (20)
SA Bergen	3 ( )	0 ( )	4 (0)
SA Trondheim	5 (7)	4 (70)	100 (94)
SA Tromsø	5 (4)	(25)	18 (51)
Samisk arkiv	1 (5)	13 (15)	29 (11)
Totalt	83 (71)	216 (351)	543 (488)

Riksarkivet arbeidde i 2012 vidare med grunnlagsdokumentet til strategi for å ta vare på privatarkiv. Strategien skal vere styrande for Arkivverket sitt arbeid for å ta vare på privatarkiv framover.

Riksarkivet er representert i arbeidsutvalet for nasjonal bevaringsplan for foto.



Statsarkivet i Oslo har bidrege til den nasjonale lista Noregs dokumentarv med Edvard Munch sitt testamente frå 18. april 1940. Presentert i Arkivmagasinet 2/12.

Riksarkivet har saman med Kulturrådet i oppgåve å koordinere arbeidet med bevaring og tilgjengeleggjing av privatarkiv, nasjonalt og regionalt. I dette ligg også kontakt med andre oppbevaringsinstitusjonar. Nasjonalt vert det drive arbeid gjennom eit nettverk av institusjonar i kvart fylke – fylkeskoordinerande organ. Sju av statsarkiva fungerer som fylkeskoordinerande organ for eitt eller fleire fylke. I oktober 2012 tok Landslaget for lokal og privatarkiv (LLP) initiativ til eit samarbeid med Riksarkivet og Norsk kulturråd om å arrangere ein privatarkivkonferanse i juni 2013.

Riksarkivaren er representert i styret for Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Norsk preshehistorisk forening og arkivstyret til Norsk luthersk misjonssamband.

Riksarkivet har teke del i eit nordisk prosjekt med føremål å samanlikne privatarkivarbeidet i dei nordiske landa. Prosjektet vart starta i november 2008 og leverte sin sluttrapport i april 2010. Dei nordiske riksarkivarane sette same år i gang eit arbeid for å vidareføre prosjektet. Ei arbeidsgruppe skal vurdere ein felles nordisk aksjesjonspolitikk og felles prosedyrar for handtering av private elektroniske arkiv. Status for prosjektet vart lagt fram på Nordisk arkivmøte i 2012 i Tavestehus i Finland.

Riksarkivet deltek i Corporate culture memory task force – eit nettverk som har som føremål å hindre at verdifulle føretaksarkiv (næringslivsarkiv) vert øydelagde ved fusjonar, sal eller konkursar. Nettverket er bygd opp på initiativ frå The European Association for Banking and Financial History og Institute for Corporate Culture Affairs. Arbeidet går ut på at det er mogleg, med støtte frå kontaktpersonar i Norden, å overvake nordiske næringslivsarkiv. Problemstillingane er blitt aksentuert og fått ny merksemd gjennom finanskrisa, sjølv om problemet med at næringslivsarkiv vert øydelagde, alltid har eksistert.

## Hovudmål 2

Arkivverket skal betre tilgangen til arkivmateriale gjennom digitalisering.

Vi har som mål å auke innsatsen for å gjere arkiv tilgjengelege i digital form. Difor satsar etaten på å gjere arkiv tilgjengelege i digital form på kjeldenettstaden Digitalarkivet. I 2012 vart det skanna 2,8 millionar bilete. Av desse publiserte vi 1,1 millionar.

Etaten har transkribert 280 000 postar og teke imot 120 000 postar frå eksterne bidragsytarar. Omlegginga av Digitalarkivet medførte publiseringstopp fram til midten av oktober. Vi publiserte 100 000 postar fram til utgangen av året. Resten av 2012-produksjonen vart publisert i 2013.

Samla har etaten skanna ca. 43 millionar dokumentsider. Det tilsvarar ca. 2 % av den totale arkivmengda. Det meste er fritt tilgjengeleg i Digitalarkivet. Nokre sider er sperra på grunn av lovpålagt teieplikt. Desse vert frigjevne etter kvart som sperrefristen er ute. Materiale som ventar på å verte lagt ut auka i 2012.

Digitalarkivet hadde i gjennomsnitt 70 000 unike brukarar per månad i 2012. I tillegg kjem dei som går direkte til dei ulike databasane våre. Brukarne åpna 192,5 millioner sider, mot 227,6 millioner sider året før. Det fordeler seg på 76 millionar sider med transkribert materiale og 116,5 millionar sider med skanna materiale. Bruken av Digitalarkivet aukar i periodar med stor mediemerksemd.

Arbeidet med å etablere Digitalarkivet på ny teknologisk plattform har halde fram i 2012. Dette arbeidet held fram ut 2013.

### Framfinning

Vi har som mål at arkiv skal vere registrert i framfinningssystem.

Det sentrale systemet for å registrere og halde oversikt over arkivmateriale som dei ulike arkivinstitusjonane oppbevarar, er informasjonssystemet Asta. Stiftelsen Asta vidareutviklar systemet i samarbeid med Arkivverket, Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP) og Norsk kulturråd. Alle institusjonane i Arkivverket bruker Asta 5.

Arkivportalen, ein felles arkivportal for katalogopplysningar frå alle norske institusjonar som oppbevarar arkivmateriale, har vore i bruk sidan opninga i mai 2010. Stiftelsen Asta vidareutviklar programvaren i tett samarbeid med mellom andre Arkivverket.

Av arkivmaterialet i Arkivverket er ca. 181 600 hyllemeter registrert i elektroniske katalogsystem, ei auke på 14 800 hyllemeter frå året før. Dette tilsvarar 74 % av den totale arkivmengda. Av dei statlege arkiva er rundt 161 600 hyllemeter registrert i elektroniske katalogsystem, og rundt 20 000 hyllemeter av privatarkivbestanden. Papirkatalogar og tilsvarande lister på dei enkelte institusjonane sine lesesalar er einaste inngang til ca. 46 300 hyllemeter.

Det utgjer 19 % av arkivmengda. Resten, ca. 17 000 hyllemeter (7 %), er uordna. For dette materiale finnast det ingen detaljerte oversikter, det er derfor i praksis utilgjengeleg.

Arkivportalen gjev no informasjon om arkivmateriale frå 48 statlege, kommunale og private arkivinstitusjonar. Det er 3,6 millionar arkivinnførslar frå 29 000 arkivskaparar i portalen. Arkivmaterialet frå Arkivverket dominerer i portalen med 3,15 millionar av arkivinnførslane. Arkivportalen har teke over funksjonen til den nasjonale Samkatalogen for privatarkiv, og har opplysningar frå 11 280 privatarkiv.

I 2012 har Arkivportalen hatt 142 006 besøkande, noko som er meir enn ei dobling frå 2011 (65 421 besøkande). Det kjem truleg av at Arkivportalen er blitt meir kjend og etablert som framfinningsverktøy. Vidare vert stadig fleire arkiv gjort tilgjengelege gjennom portalen.



Åkerarkivet er eit uvanleg rikt gardsarkiv. Det er på lista Noregs dokumentarv. Originalar i Statsarkivet i Hamar. Presentert i Arkivmagasinet 2/12.

# Hovudmål 3

Bevare og gjere tilgjengeleg elektronisk arkivmateriale.

## Forvaltningsstandard

Vi har som mål at Noark-standarden skal utviklast og implementerast. Noark 5 er den siste utgåva av denne standarden og er nasjonal forvaltningsstandard for journalføring, arkivering og avlevering for digitalt skapt arkivmateriale. Det skal være mogleg å bruke Noark 5 uavhengig av teknologisk løysing og type organ. Standarden skal sikre at også offentleg digitalt arkivmateriale vert sikra intakt som dokumentasjon i vår tid og for forskarar og historikarar i all framtid. Difor må vi også vidareutvikle standarden fortløpande for å møte krav frå brukarane og tilpasse han til teknologiske og juridiske endringar. Første versjon vart publisert sommeren 2008. Frå og med mars 2011 var Noark 5 versjon 3.0 gjeldande versjon. Ein ny versjon er under arbeid og vert ferdig i 2013.

I 2012 godkjende vi éin mellombels løysing og éin endeleg løysing etter Noark 5.

### Avlevering

Avlevering av det elektronisk arkivmateriale frå statlege og private arkivskaparar som skal takast vare på, skal betrast. For å komme à jour med avlevering av uttrekk frå statlege organ har Riksarkivet intensivert arbeidet med å inngå avtalar med departement, direktorat og andre om deponering/avlevering av elektroniske arkiv, journalar og fagsystem frå statlege organ i 2012. Vi har inngått 52 nye avtalar om deponering av elektroniske arkiv og journalar frå statlege organ.

Arbeidet med å få utarbeidd eit system som skal ta vare på Arkivverket si oversikt over kontakt med skaparar av elektronisk arkivmateriale i heile prosessløpet knytta til informasjon over system som finnast, bevarings- og kassasjonsvedtak, avtaler om avlevering, innhenting, mottak og testing av avleveringar har halde fram i 2012. Oversikt over all kontakt med så vel offentlege som private arkivskaparar skal også registrerast som del av prosessløpet. Prosjektet er kalla "Oppfølgingssystem frå arkivfangst til depot", og fekk i 2012 støtte frå Norsk kulturråd. Målet er å utarbeide ei konkret løysing (eit system). I prosjektet er det med deltakarar både frå Arkivverket og potensielle brukarar i kommunal sektor. Prosjektet vert ferdig i 2013, og estimert produksjonsstart for systemet er 1. september 2013.

### Langtidslagring

Arkivverket skal ha løysingar for langtidslagring av elektronisk arkivmateriale. Som ledd i dette arbeidet er Riksarkivet i ferd med å implementere nytt forvaltningssystem for Digitalt sikringsmagasin i tråd med dei internasjonale standardane OAIS (Open Archival Information System) og TRAC (Trustworthy Repositories Audit & Certification). OAIS er ein modell for å innlemme, administrere og bruke arkivmateriale i eit depot. Den skildrar funksjonar, prosessar og informasjonsflyt i eit digitalt depot med fokus på autentisitetssikring, og gjev opplegg for vedlikehald innanfor ramma av eit kontrollert miljø. I arkivmiljø internasjonalt er så godt som all aktivitet for digital bevaring bygd på prinsippa i OAIS.

Med økonomisk støtte frå Norsk kulturråd har Riksarkivaren gjennomført eit samarbeidsprosjekt med fire sentrale kommunale aktørar for å utarbeide eit felles rammeverk for digitale depot i stat og kommune. Prosjektet, kalla DIAS, har definert ein felles struktur for å ta vare på integriteten til digitale arkivobjekt slik at dei er leselege og forståelege. Bevaringsstrukturen skal kunne brukast fleksibelt for alle typar av digitale avleveringar. Prosjektet har i tillegg utarbeida ein generell kravspesifikasjon til eit system for å generere og vedlikehalde arkivobjekt med denne strukturen. Utviklinga av eit slikt depotstyringssystem – både til bruk for Arkivverket og for kommunale depot – er under utvikling. Systemet er ca. eit år forseinka, og er planlagd sett i ordinær drift i Riksarkivet i første halvdel av 2013. Det skal då danne basis for ei ny depotløsning for Arkivverket sitt digitalt skapte arkivmateriale der on-line lagring på disk og to kopier på tape erstattar dagens langtidslagring på CDar.

DIAS-prosjektet vart avslutta i 2012. Det er vidareført i eit nytt prosjekt støtta av Norsk kulturråd – DIAS forvaltningsforum. Prosjektet skal etablere eit forum for forvaltning av resultatane av DIAS, både standardane som ligg til grunn for arkivpakkestrukturen, og programvara, spesifisert i DIAS, som vert nytta i Digitalt sikringsmagasin – ESSArch.

Etaten sin kapasitet for lagring av elektronisk materiale er 771 Tb. Av dette er 595,6 Tb i bruk, og 175,4 Tb ledig. Berre ein svært marginal del av det elektroniske materialet er privatarkiv.

## Tilgjenge

Vårt mål er at elektronisk materiale skal gjerast tilgjengeleg. Til nå har vi berre publisert eitt elektronisk uttrekk i Digitalarkivet, Merkerregister for fiskefartøy. Vi arbeider for å utvide dette tilbodet. Målet er å etablere eit eige område i Digitalarkivet for utlegging av digitalt materiale som ikkje kan gjerast fritt tilgjengeleg. Der kan tilsette og lesesalsgjester få tilgang til avgrensa delar etter tilgangsregulering. Dette arbeidet måtte nedprioriterast 2012 til fordel for omlegginga av Digitalarkivet.

Den kongelege resolusjonen der Karl Johan "gillar" utkastet til norsk flagg inngår i den nasjonale lista Noregs dokumentarv. Original i Riksarkivet. Presentert mellom anna i Arkivmagasinet 2/12.




## Rekneskap

(Tal i heile 1000)	Løyving	Løyving	Rekneskap	Rekneskap mot Løyving	
	2011	2012		2012	%
Post 01 Driftsutgifter	283 152	302 419	304 506		
- Løn og overtid			150 898		
- Drift av bygningar			125 527		
- Anna drift			28 081		
Post 01 Ymse inntekter og refusjonar	-8 600	-7 968	-14 930		
Sum Post 01	274 552	294 451	289 576	-4 875	98,3 %
Post 21/22 Spesielle driftsutgifter	15 300	34 334	17 281		
Post 21/22 Inntekter ved oppdrag	-15 300	-34 334	-37 545		
Sum Post 21/22	0	0	-20 264		
Post 45 Større utstyrsanskaffingar	10 062	14 816	12 164	-2 652	82,1 %

## Personale

	Tal på tilsette	Kvinner	Menn	Turnover (prosent)
Riksarkivet	163	78	85	1,32
Trondheim	33	18	15	4,55
Bergen	26	15	11	4
Stavanger	19	13	6	0,00
Kristiansand	18	7	11	0,00
Hamar	17	10	7	6,25
Oslo	15	7	8	0,00
Tromsø	14	6	8	0,00
Kongsberg	14	8	6	0,00
Samisk arkiv	3	1	2	0,00
Norsk Helsearkiv	9	1	8	0,00
Totalt Arkivverket	331			
Årsverk	281			

## Organisasjon





Den eldste bevarte kyrkjeboka i Noreg er med på den nasjonale lista Noregs dokumentarv og er frå Andebu prestegjeld i Vestfold. Den startar i 1623. Original i Statsarkivet i Kongsberg. Foto: Statsarkivet i Kongsberg. Presentert i Arkivmagasinet 2/12.

Directory... 12.

**Riksarkivet**

Sognsveien 221  
Postboks 4013 Ullevål Stadion  
0806 Oslo  
Telefon: 22 02 26 00  
Telefaks: 22 23 74 89

**Norsk helsearkiv**

Sognsveien 221  
Postboks 4013 Ullevål Stadion  
0806 Oslo  
Telefon: 22 02 26 00  
Telefaks: 22 23 74 89

**Statsarkivet i Oslo**

Sognsveien 221  
Postboks 4015 Ullevål Stadion  
0806 Oslo  
Telefon: 22 02 26 00  
Telefaks: 22 23 74 89

**Statsarkivet i Hamar**

Lille Strandgate 3  
2317 Hamar  
Telefon: 62 55 54 40  
Telefaks: 62 52 94 48

**Statsarkivet i Kongsberg**

Frogsvei 44  
3611 Kongsberg  
Telefon: 32 86 99 00  
Telefaks: 32 86 99 10

**Statsarkivet i Kristiansand**

Märthas vei 1  
4633 Kristiansand  
Telefon: 38 14 55 00  
Telefaks: 38 14 55 01

**Statsarkivet i Stavanger**

Bergelandsgt. 30  
4012 Stavanger  
Telefon: 51 50 12 60  
Telefaks: 51 50 12 90

**Statsarkivet i Bergen**

Årstadveien 22  
5009 Bergen  
Telefon: 55 96 58 00

**Statsarkivet i Trondheim**

Maskinistgt. 1  
7042 Trondheim  
Telefon: 73 88 45 00  
Telefaks: 73 88 45 40

**Statsarkivet i Tromsø**

Postboks 6315  
9293 Tromsø  
Telefon: 77 64 72 00  
Telefaks: 77 64 72 01

**Samisk arkiv/Sámi Arkiiva**

9520 Kautokeino  
Telefon: 78 44 85 60  
Telefaks: 78 44 85 69

